



Osterøy kommune
Rådhusplassen
5282 LONEVÅG

Dato: 08.05.2015
Vår ref.: 2014/23340-49
Saksbehandlar: evawint
Dykkar ref.:

Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak 2015

Avslag på søknad om økonomisk tilskot til «Bakgrunnsrapport - flom og overvannshåndtering i Lonevåg sentrum»

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til lokale miljø- og klimatiltak datert 26.03.2015. De søkte om kr. 50 000,-.

Vi må diverre gje avslag på søknaden. «Bakgrunnsrapport - flom og overvannshåndtering i Lonevåg sentrum» vurderer vi som ein risiko- og sårbarhetsanalyse. Kommunen har etter plan- og bygningslova ansvar for at naturfare, som flaum, blir vurdert og teke omsyn til i arealplanlegging og byggesakshandsaming. Søknaden fell difor ikkje under tilskotsordningar til lokale miljø- og klimatiltak og Hordaland Fylkeskommune kan ikkje medfinansiere prosjektet.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Tale Halsør, som de kan kontakte på tlf. 55 37 80 11 eller e-post: tale.halsor@hfk.no

Klage / Innsyn i dokumenta:

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi vonar at prosjektet kan realiserast utan vår medverknad og ønskjer Dykk lukke til vidare!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen
Klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Anne-Grethe Stenhjem

